



Tubatrio i aksjon i Rosendal: Thomas Halvorsen frå Uskedalen, Simon Bewer frå Rosendal og Sebastian Torjusen frå Rosendal sit frå venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den største konsert-satsinga i korpsa si historie er målet når Rosendal Skulekorps (stifta 1961) og Uskedal Skulemusikk (stifta 1969) no øver iherdig saman. Målet er konserten saman med topp-trompetisten Frank Brodahl, som vert avvikla i Rosendal Samfunnshus 19. april og Uskedalen Aktivitetshus 20. april. Eit stort steg mot målet blir teke denne helga med felles-seminar i samfunnshuset og rådhuset i Rosendal.

- Vi har lagt lista litt høgre allereie no frå starten, i retning av storbandmusikk og jazz og til fortrensel for tradisjonell skulekorpsmusikk. Allereie i fjor høst var det ei justering. Å spela saman med Brodahl på eit slikt vis at ingen treng å skamma seg er ei stor utfordring for dei unge musikantane, seier Rosendal-leiar og prosjektgruppe-leiar Trygve B. Torjusen til uskedalen.no. Sjølv kan han ikkje ei note, men det er heller ikkje oppgåva hans!
- Og Brodahl-konserten er ikkje så utfordrande at dei unge musikantane forløftar seg?
- Ved seminarstarten på fredag var eg litt betenkt over det eg hørde, men allereie laurdag slappa eg godt av. Dei er flinke og tek den nye lærdommen imponerande fort.



Trygve B. Torjusen: - Viktig at det er eit korpstilbod i kvar einskild bygd. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Her er det passende å streka under at Frank Brodahl ikkje er kven som helst: Dirigent Anders Christensen (som korpsa har felles) har "skaffa" Frank til konserten. Dei kjenner kvarandre og allereie i juleferien hadde dei møte om eit repertoar. Frank var til dømes nyleg å høyra i TV-programma Idrettsgallaen og "Showtime" og blir med i den nye utgåva av "Den store klassefesten". Han har i det heile eit svært tett program også i 2008: Til dømes skal han innoom kulturhovudstaden Stavanger, Berlin, Brattvågen og Tyskland.

I det siste landet skal han spela i Wenche Myhre band. Han produserer fleire plater og planlegg ei ny Trumpet Jungle-plate. Han arbeider med fleire prosjekt for Sandvika Storband og Sinsen Ungdomskorps, som er musikalsk ansvarleg for. Og han planlegg konserten "Homage to Michael Brecker" saman med Det Norske Blåseensemble og Petter Wettre.

Skulekorpsa i Rosendal og Uskedalen spelar godt i lag i meir enn ei tiding. Så har dei då også mykje tilfelles: Dei er omtrent like gamle, dei er begge brassband med lik besetnad og dei er omtrent like mange (Rosendal 17 og Uskedal 21). Men noko skiljer dei akkurat no: Rosendal har teke eit stort sprang med omsyn til rekrutteringa: Dei har 12 aspirantar etter eit svært vellukka arrangement i fjor vår.



Frank Brodahl er ein svært dyktig trompetist.

- Av dette lærte vi at vi ikkje må forsømme marknadsføringa, vi må fortelja kven vi er, seier Torjusen. Dei to korpsa har samarbeidd tidlegare, til dømes i samband med NM. Og det er sjølvstundt ein stor fordel å ha felles dirigent når ein skal gjennomføra eit samarbeidsprosjekt som dette.



Dirigent Anders Christensen i aksjon med kornettistane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torjusen har dette å seia om si erfaring etter fem år som leiar:
- Musikkdeltakinga gjer at dei unge lærar samspel og samarbeid. Skal eit korps vera vellukka avheng det av at alle arbeider godt saman. Det hjelper ikkje at dei er flinke individualistar hvis dei ikkje får til samspelet. Og dette er noko dei kan ta med seg gjennom heile livet – delvis i motsetnad til sporten! Og så er det viktig at vi følgjer vår filosofi: Alle skal vera med!



Slagverk-gruppa opererte i Salen: Sindre Aksnes og Stian Storevik Myklebust frå Uskedalen og Ole Martin Mehl frå Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit samarbeidstiltak som dette er svært viktig, det gjev alle eit løft. Likevel er det også viktig at det er eit korpsstilbod i kvar einskild bygd. Eit korps treng forankring i lokalmiljøet og lokalmiljøet treng musikken. Men konkurransen om fritidsaktivitetane er hard og det er krevjande å halda liv i korpsa

Av Ola Matti Mathisen



I helsestasjonen sat dei som spela horn og flygelhorn. (Foto: Ola Matti Mathisen)